

I år kan morsdag og Valentinsdag markerast hos SmakifråOska.

12.02.2016



Søndag er det både morsdag og Valentinsdag. Medan den første har lange tradisjonar, har den siste feiringa kome til i senare år. Heilt nytt vert det at i år kan desse markeringane gjerast på ein smakfull måte hos SmakifråOska på Sandakaien. Roy Lervåg inviterer til to flotte muligheter i så måte på søndag.

Frå klokka 15 er det søndagsmiddag der kylling med krema soppasus, ris, potetgull og grønsaker står på menykartet. Som vanleg er dessert inkludert i søndagsmiddagen og Lervåg røper at den inneheld både sjokolade, karamell og pasjonsfrukt. Det har vore stor interesse for dei svært så velsmakande søndagsmiddagane til SmakifråOska i det siste. Derfor kan det vera lurt å bestilla bord før søndag. Telefonnummeret er 918 64 091.

Frå klokka 17 vert det frista med ein heilt spesiell Valentinsmiddag som ein kan invitera sin kjære til. Her får ein servert eit brett med både kjøt, fisk og fugl med sausar og urter og mange forskjellige smakar. Lervåg seier at dei kanskje heller litt mot det asiatiske kjøken her. Her kan ein setja saman dei herlegaste munnfuller. Sjølvagt høyrer også deilig Valentinsdessert. Denne middagen vert berre servert til par, og må bestillast før fredag føremiddag.

Som vanleg vert det også denne helga lørdagscafè med mykje godt på Oska.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Smakifrå